



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

19.11.2021

Vår ref:

2021/5530

Dykkar dato:

02.11.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Klage på dispensasjon for kai og flytebrygge - Alver - 62/66 62 - Tofting

Vi viser til brev frå kommunen datert 02.11.2021. Saka gjeld dispensasjon frå arealformål naust på land og frå arealformål i sjøen og frå byggegrense mot sjø for etablering av kai og felles flytebrygge knytt til naust for eigedomar på gnr. 62, bnr. 66 og 67.

Kommunen gav avslag på dispensasjon i delegert vedtak datert 01.06.2021, sak 20/19348. Vedtaket vart klaga på i brev av 14.06.2021. Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 13.10.2021, der Alver kommune sitt vedtak datert 01.06.2021 vart omgjort og klagen tatt til følgje.

APM- 144/21 Vedtak:

Klagen vert teken til følgje og vedtak i sak 20/19348, datert 01.06.2021, vert oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet naust på land, og frå arealføremålet i sjøen samt for byggjegrensa mot sjø for etablering av kai og felles flytebrygge knytt til naust for eigedommar på gbnr 62/66 og gbnr 62/67 Tofting.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 vert det samstundes gjeve løyve til tiltak for oppføring av kai og felles flytebryggje.

Utval for areal, plan og miljø meiner at dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje vert vesentleg sett til side og at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Det vert veklagt at omsøkt tiltak ikkje forringar friluftslivet på staden, landskap eller andre miljøverdiar vesentleg.

Utvalet meiner og at den omsøkte flytebryggja vil sikre tryggare tilkomst til og frå båtar for dei to nausta, og at kaien er viktig for å sikre trygg tilkomst mot sjøen, slik at naustområdet får funksjonelle kvalitetar. Utan kai vert området vanskeleg å nytta for nausteigarane.



Statsforvaltaren i Vestland klagar med dette på utval for areal, plan og miljø i Alver kommune sitt vedtak i møte 13.10.2021, saknr. 144/21.

Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensed ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Det er naudsynt med dispensasjon frå formål både på land, i sjø og frå byggeforbodet i strandsona. Tidlegare Lindås kommune ligg i sone to i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, der arealpresset er stort. Vi viser til Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) der det mellom anna står:

«Det er et nasjonalt mål at strandsonen skal bevares som natur- og friluftsområde tilgjengelig for alle. Regjeringen ønsker en strengere og mer langsiktig strandsoneforvaltning. Det er derfor nødvendig med en streng praksis ved behandlingen av dispensasjoner i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbudet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen veier tungt. Det skal svært mye til før dispensasjon kan gis til bygging her, spesielt i områder med stort utbyggingspress»

Kommunen har vurdert at det er stort utbyggingspress i dette området og at det er stor fare for presedens. Statsforvaltaren er samd i denne vurderinga. Området ligg fint til i eit smalt sund. Det er både landskapsverdiar og friluftslivverdiar i området. Reguleringsplanen for Toftingneset opnar her for ei naustrekke på 7 naust. Det er no bygd eit naust og søkt om eit til. Grunngjevinga av søknad og vedtak er av ein slik karakter at ho kan gjerast gjeldande i mange saker. Dispensasjonar for kai og flytebryggje i denne saka vil påverke vurderingar for dispensasjonar for tilsvarande tiltak for heile naustrekka. Dispensasjon i denne saka kan også påverke vurdering av dispensasjon andre stader innan denne reguleringsplanen og i resten av kommunen. Ein dispensasjon her kan difor gjere det vanskeleg for kommunen å styre etter kommuneplanen, og ein kan få ein bit for bit nedbygging av strandsona.

Statsforvaltaren vurderer at dei statlege interessene i strandsona vert vesentleg tilsidesette ved ei dispensasjon i denne saka. Jf. elles tbl. § 19-2 andre ledd første setning. Om ein skal tillate flytebrygger og kaifront i tilknytning til naust i dette område må dette gjerast i ein planprosess, der strandsona og andre relevante tema vert vurdert samla.

I tillegg kan vi heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf.tbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er ikkje oppfylte.
Statsforvaltaren klagar difor på Alver kommune sitt vedtak i møte 13.10.2021, saknr. 144/21.



Statsforvaltaren ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikke vert gitt dispensasjon, slik det er søkt om. Vi ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN